Området Palestina var ein del av det osmanske riket. Då tyrkarane var på den tapande sida under fyrste verdskrigen, delte sigerherrane riket opp, og Palestina vart ein del av det britiske mandatområdet. På denne tida dreiv britane på og forhandla litt på alle kantar om korleis Midtausten skulle sjå ut etter at krigen var ferdig. Dei laga ein avtale med Sheikh Hussein som leia det arabiske opprøret mot tyrkarane, og som dermed hjalp britane å vinna krigen. Dette blir kalla Hussein-MacMahon-korrespondansen. Britane laga også Balfourerklæringa, som seier at det skal bli laga eit jødisk heimland i Palestina. Og sist men ikkje minst, fordi det var denne avtalen som vart mest gjeldande: Dei avtala med Frankrike om korleis dei skulle dela Midtausten i franske og britiske mandatområde. Palestina har altså aldri vore



Plakat: Jihad Mansour

ein eigen stat, sjølv om folket og namnet har eksistert lenge.

Den jødiske innvandringa til Palestina starta på slutten av 1800-talet. Det har alltid budd ein del jødar i Midtausten, dei har budd saman med kristne og muslimske arabarar. Innvandrarane som kom, var eit resultat av ei sionistisk kampanje i Europa. Jødane i Europa vart utsette for undertrykking, både økonomisk, politisk og fysisk. Sionistane sa at jødane ikkje kunne leva saman med andre folk, fordi dei alltid kom til å bli undertrykte. Dei haldt også fram negative trekk ved jødane så lenge dei budde hos andre folk; dei vart intellektuelle, veike og utan kontakt med jorda. Dette var i tråd med nasjonalismen på den tida som var veldig basert på blodsband til kvarandre og jorda.

## 2 Den sionistiske rørsla veks fram

Theodor Herzl er kjent som sionismens grunnleggjar. Det er ikkje fordi han tenkte så mange nye tankar, men han var god på å organisera, og fekk laga ein sionistisk kongress som organiserte den sionistiske rørsla. Sionismen hadde ikkje så stor oppslutning blant jødane i Europa. Dei religiøse jødane syntest ideen var blasfemisk; det er berre Gud som kan bringa jødane heim. Dei meir sekulære jødane var ofte mest interesserte i å forsøka å bli integrerte i dei landa dei budde i. Sionistane sjølv var for det meste sekulære, men bruka Bibelen

*Sionistane sa at jødane ikkje kunne leva saman med andre folk, fordi dei alltid kom til å bli undertrykte.*



som historiebok for å grunnge at dei hadde rett på landet.

Antisemittismen og sionismen går hand i hand. Antisemittismen auka, og sionismen fekk meir oppslutning. Dei største innvandringsbølgjene til Palestina før staten Israel vart oppretta, kom når det var innstrammingar av rettar eller progromar i europeiske land. Det var mykje innvandring i mellomkrigstida. Jødane hamna ofte i konflikt med britane, som var mandatmakt, og arabarane, som følte seg trua av innvandringa. Britane innførte etter kvart avgrensingar på den jødiske innvandringa til Palestina. Jødane hadde fleire terrorgrupper som utførte aksjonar mot britiske mål, og ein del av høgresionistane såg faktisk på britane, og ikkje tyskarane, som hovudfienden under andre verdskrig.

Når FN laga forslaget til delingsplan i 1947, var sionistane ganske nøgde, mens arabarane såg på det som ei krigserklæring. Sionistane skulle få over halvparten av landet, sjølv om jødane var langt færre enn halvparten. Då britane trakk seg ut 14. mai 1948 og sionistane oppretta staten Israel, gjekk dei arabiske nabolanda til krig. Dei tapte krigen, og staten Israel sat igjen med 78 prosent av historisk Palestina, og dei beste områda. Dei palestinske områda på Vestbreidda og Gaza var ikkje i kontakt med kvarandre fysisk, og dei var styrt av kvar sine naboland, Egypt og Jordan. Mange palestinarar vart fordrivne, og lever framleis i flyktningleirar i Libanon, Syria, Egypt og Jordan, i resten av Midtausten og i heile verda.

Etter 19 år kom seksdagarskrigen i 1967, då Israel okkuperte Vestbreidda og Gaza. Desse områda vart styrte som okkuperte

område, mens dei palestinarane som vart verande innanfor staten Israel sine grenser i 1948, vart statsborgarar i Israel.

### 3 Kva er framtida til Palestina?

#### EIN STAT

Palestinarane har gjennom det siste hundreåret utvikla ein sterk palestinsk identitet, og ei sterk kjensle av at dei har blitt urettvist behandla av verda. I starten stolte dei på at dei arabiske naboane kom til å hjelpe dei å hiva ut israelarane, og PLO (Palestine Liberation Organisation) var styrt av dei arabiske landa.

Etter kvart som Fatah og dei ulike kommunistpartia vart oppretta, fekk palestinarane sin eigen politikk på korleis dei ville at Palestina skulle bli frigjort. I 1969 foreslo DFLP, eit kommunistparti, at PLO skulle kjempa for «ein demokratisk stat i Palestina», og dette vart akseptert av det palestinske nasjonalrådet same år.

#### TO STATAR

I 1974 vedtok det palestinske nasjonalrådet at ein skulle oppretta ei palestinsk myndigheit på eit kvart område av Palestina som vart frigjort. Det kan vera ein riktig strategi å gå inn for å ta kontroll og styring over områda ein tar over. Samtidig har dette opna for at løysinga kan vera ein stat på Vestbreidda og kanskje Gaza. PLO gjekk meir og meir i den retninga. I 1988 aksepterte det palestinske nasjonalrådet formelt at det kan eksistera to statar side om side. Oslo-avtalen i 1993 gjorde tostatsløysinga til den allment aksepterte løysinga, og ein




Graffiti av Banksy i Betlehem. Foto: Magne Hagesæter.

rekna med at det berre var eit spørsmål om tid før ein palestinsk stat vart erklært på Vestbreidda og Gaza, sjølv om Oslo-avtalen ikkje seier dette eksplisitt. I 1997 annonserte Arafat at PLO skulle erklæra at ein uavhengig palestinsk stat var oppretta 4. mai 1999. Denne datoen vart utsett fleire gonger, og det har aldri blitt gjennomført.

### 4 Utfordringar med tostatsløysing

Nokon meiner at tostatsløysing er det mest rettvisе, andre at det er den mest realistiske løysinga. Vestbreidda er i dag full av busetjingar som omringer palestinske byar og skil dei frå kvarandre og ho er skjært opp av busetjarveggar som berre kan brukast av israelarar. Muren har stole enda meir av Vestbredden og gjort desse hindringane endå større. Vestbreidda, Jerusalem og Gaza er skilde frå kvarandre.

Viss busetjingane blir verande, vil det ikkje vera noko meningsfullt territorium der ein stat kan etablerast. Problemet er også at staten manglar naturressursar. Gjennom 30 år med israelsk okkupasjon har ressursane blitt flytta frå dei palestinske innbyggjarane til busetjarane. Sidan Oslo-avtalen blei skriven under i 1993, har Israel hatt ein politikk med stadige stengingar mellom Israel (inkludert Aust-Jerusalem) og dei okkuperte områda, og dei har bygd opp nettet med militære sjekkpunkt over alt. Økonomien har blitt fullstendig øydelagt av fleire år med intifada. Det er kjempehøg arbeidsløysе i dei palestinske områda, spesielt i Gaza. Israel har ført ein politikk for å medvite øydeleggja den palestinske økonomien. Ein palestinsk stat som vert oppretta med desse vilkåra vil berre kunna overleva med massiv bistand. Muren har ført til endå større problem, viss staten skal opprettast innanfor dei grensene muren set, vil han ikkje ha internasjonale grenser. Muren fører også til at endå meir av vassressursane og dei beste jordbruksområda ligg utanfor



Tegning: Latuff, [www.latuff2.deviantart.com](http://www.latuff2.deviantart.com)



muren. Ingen israelske planar har enno tilbydd palestinarane nok territorium til å laga ein levedyktig stat. Utan ei total fjerning av busetjingane og ei israelsk tilbaketrekking frå Aust-Jerusalem kan ikkje den tidlegare ideen om ein palestinsk stat på heile Vestbreidda og Gaza med Jerusalem som hovudstad bli realisert. For å gjennomføra denne ideen, må ein anten ha eit Israel som frivillig fjernar busetjingane og trekk seg ut frå Aust-Jerusalem eller ha ei makt som presser Israel til det. Ingen av desse kriteria er oppfylte i dag.

## 5 Ulike einstatsløysingar

Korkje palestinarane eller israelarane har tradisjonelt vore for ei einstatsløysing på den måten det vart formulert i 1969. Palestinarane har meint at dei bør få tilbake heile landet sitt, inkludert eigedom som no er i bruk av israelarar, og israelarane er redde for å hamna i minoritet og gje opp ideen om ein jødisk stat.

Det finst to måtar å tenkja einstatsløysing på. Den eine måten er ein binasjonal stat. Denne modellen tar opp i seg at Israel på mange måtar er ein binasjonal stat aller-eie, dei har ein stor arabisk minoritet som bur i egne område. Ein kan bruka ulike modellar for ein binasjonal stat, anten bruka kantonmodellen frå Sveits, eller Belgia sin binasjonale modell. Det er ein del problem ein må løysa i forhold til denne måten, for eksempel fordelinga av makt i parlamentet, rett til retur for palestinarar og jødar osb.

Denne ideen kom først opp i Palestina 1930-og 40-åra, då europeiskfødde intellektuelle sionistar ønskja jødisk sjølvstyre i dei områda dei budde i, og dela resten av landet i kristne og muslimske einingar, men bu saman i same land. Ein del palestinarar støtta denne ideen fordi dei trudde det kunne vera ein måte å hindra sionistane i å laga ein jødisk stat i Palestina, men dei fleste syntest det var feil og farleg å gje

delar av landet til ein utanlandsk minoritet. I dag er det til dømes Azmi Bishara, palestinsk Knesset-medlem, og Edward Said, no avdød palestinsk akademikar, som har støtta denne ideen.

Den andre måten ein kan laga ei einstatsløysing på, er ein sekulær demokratisk stat med ein person- ein stemme, og inga inndeling etter etnisitet eller religion. Av israelarar har denne ideen støtte hos antisionistiske jødar som til dømes professor Ilan Pappé ved Universitetet i Haifa. På den palestinske siden har den USA-baserte organisasjonen One State Democracy (ODS) markert seg som ein aktør dei siste åra. Organisasjonen vart danna i 2010 og består hovudsakleg av eksilpalestinarar og deira etterkommerar. I tillegg til ideen om einstatsløysinga, støtter ODS palestinaranes rett til å returnere til heimlandet og/eller at disse skal få ein form for kompensasjon for tapt land.

## 6 Argument for og mot einstatsløysing

Det vert sagt at jødiske israelarar og muslimske og kristne palestinarar aldri vil akseptera integrasjon. Valet er difor anten separasjon eller at ei av sidene vert militært overvunne. Separasjon er den mest humane moglegheiten. Men er dette sant? I røynda er det mange eksempel i verdshistoria på integrasjon mellom folk som virka totalt uforeinlege før konflikten vart løyst. Det mest relevante eksemplet er Sør-Afrika. Me må ikkje gløyma at meir enn halvparten av den jødiske befolkninga i Israel kjem frå arabiske land, der dei var relativt godt integrerte. Sjølv om flestparten av desse snakkar hebraisk no, og ser på seg sjølv som israelarar, har dei sterke element av arabisk kultur, og begynnar no å visa desse offentleg.

Det vert sagt at Israel har militær makt til å gjera det dei vil. I denne situasjonen bør

*Eit argument er at sjølv om tostatsløysinga ikkje er perfekt, er det ein veg framover som seinare kan bli utvikla til noko som er meir rettvist*

palestinarane ta det dei kan få, og leva for å fortsetja kampen seinare. Dette kan sjå ut som ein realistisk filosofi. Men eit motargument til å ta det ein får, er at ein får så forsvinnande lite at det ikkje er mogleg å leva med.

Eit argument er at sjølv om tostatsløysinga ikkje er perfekt, er det ein veg framover som seinare kan bli utvikla til noko som er meir rettvist, til dømes ein føderasjon eller ein økonomisk union. Andre ser på det som eit fyrste skritt på veg til ei einstatsløysing. Mange har dette standpunktet fordi dei meiner at ein vil tapa ein direkte konfrontasjon med sionismen med dei rådande maktforholda. Dei tenkjer at sionismen vil forsvinna etter som dei demografiske og økonomiske forholda utviklar seg. Mot dette står at asymmetrien i makt mellom ein israelsk og ein palestinsk stat vil føra til at utviklinga alltid vil skje i favør av Israel. Så lenge staten Israel er rasistisk er det vanskeleg å sjå at ein tostatsløysing vil resultera i nokon form for likeverd mellom dei to statane.

Dei som stør ei einstatsløysing vert skulda for å dela energien og merksemda frå det som er mogleg å oppnå, altså to statar, til eit mål som er utopisk, altså ein stat. Dette



argumentet er riktig viss ein meiner at ei tostatsløyising er realistisk og ynskjeleg. Andre meiner at Osloprosessen har vist at ei tostatsløyising ikkje er mogleg i dag, og at både einstatsløyising og tostatsløyising er like urealistisk. Det som er realistisk er ein apharteidstat som stenger inne og forsøker å øydeleggja alle moglegheiter for ein sjølvstendig palestinsk stat.

Eit siste argument er at etableringa av ein einskapleg stat møter enorme utfordringar. Korleis skal han etablerast? Skal jødar ha rett til retur på same måte som palestinarane? Kva vil vera karakteren på staten og korleis vil han bli akseptert av nabolanda? Kva skal landet kallast? Said Hamami, ein tidlegare PLO-representant i London brukte å seie at dei kan kalla han ein agurk viss det er det dei vil. Det viktigaste er å ha vilje til å finna ei einstatsløyising alle kan leva med.

Ein binasjonal stat er enklare å akseptera for ein del folk enn ei einstatsløyising, sidan ein binasjonal stat kan bli laga slik at han liknar på ei tostatsløyising, og han kan gje mest makt til den sterkaste sida. Men viss ein binasjonal stat skal vera ei akseptabel løyising for palestinarane, og ikkje berre ei gjentakning av uretten gjort mot dei, må dei få gjennomført retten til retur. Staten må også vera ikkje-sionistisk, sidan sionismen er rasistisk.

## 7 Kva er framtida?

Den israelske annekteringa av land og ressursar har ført til at det kanskje ikkje er noko anna val enn ei form for einstatsløyising, som ein binasjonal stat. Men israelarane må oppgje noko for å få fred, ein binasjonal stat må gje likeverd til dei to folka, og dei må gje rett til retur for dei palestinske flyktningane. Statens sionistiske karakter må opphøyrast. Og der ligg jo problemet i alle løyisingane, det vert ingen løyising utan at Israel sluttar å vera sionistisk.

Både ein sekulær stat for alle, ein binasjonal stat eller ei tostatsløyising er like utopisk så lenge sionismen eksisterer.

## 8 Kvifor meiner vi noko om dette?

Palestinakomiteen har ikkje tatt stilling til om løyisinga skal vera ein eller to statar. Frigjeringsrørslar skal få definera sine



1978: Egyptas president Anwar Sadat og Israels statsminister Menachem Begin får applaus i den amerikanske kongressen etter at Jimmy Carter kunngjør resultatet av Camp David-forhandlingene. Foto: Wikipedia Commons

eigne mål. Samtidig er det vår rett som solidaritetsrørslar å ikkje vera einige i dei måla. Eit døme på det er at Palestinakomiteen var mot Oslo-avtalen fordi vi meinte det var ei urealistisk og urettferdig avtale som aldri kom til å gje palestinarane noko.

Vestbreidda og Gaza er i praksis fortsatt okkuperte. Det palestinarane får lov til no er å administrera sin eigen okkupasjon. Politikk og frigjeringskamp er ei balanse mellom å oppnå det som er mogleg, samtidig som ein må passa seg for å godta for lite, og for å bli sin eigen fangevaktar.

### KILDER OG ANBEFALT LITTERATUR

Abunimah, Ali (2007): *One Country: A Bold Proposal to End the Israeli-Palestinian Impasse*. Picador.  
 Butenschøn, Nils A. (2006): *Drømmen om Israel*. Oslo: Universitetsforl.  
 Gelvin, James L. (2007): *The Israel-Palestine conflict : one hundred years of war*. Cambridge: Cambridge University Press.  
 Loewenstein, Antony og Ahmed Moor (2012): *After Zionism*. London: Saqi.  
 Tveit, Odd Karsten (2005): *Krig & diplomati : Oslo-Jerusalem 1978-96*. Oslo: Aschehoug.

## PLO: EN FELLES, PALESTINSK STEMME

I sionistenes prosjekt om en stat for jøder var det ikke plass for palestinerne. Som Golda Meir sa: «De eksisterer ikke».

I denne situasjonen var det nødvendig å kjempe fram en felles, uavhengig palestinsk stemme i verden. Den palestinske frigjøringsorganisasjonen PLO ble startet i regi av Den arabiske liga. Palestinerne motstandsgrupper sluttet seg ikke til PLO på dette stadiet. De startet med små, men synlige geriljaaksjoner fra 50-tallet og utover. Dette måtte til for å tvinge verden til å lytte. Fatahs leder Yasser Arafat ble PLO-leder i 1968, og i 1974 ble han invitert til å snakke til FN's hovedforsamling som palestinerne leder. Slik ble PLO anerkjent som palestinerne eneste legitime representant.

Palestinakomiteen markerte lenge PLOs betydning ved å erklære støtte til det palestinske folkets kamp under ledelse av PLO. De seinere årene har hendelsene gjort dette mer problematisk, for PLOs autoritet blant palestinerne er svekket. Men det finnes fortsatt ingen annen organisasjon som med større rett kan snakke på vegne av palestinerne over hele verden.



## Palestinakomiteen er imot stormaktløsninger

Imperialistisk politikk bestemmer millioner av menneskers skjebne gjennom stormaktsavtaler. Sykes-Picot avtalen fra 1916 bestemte hvordan det ottomanske riket skulle deles mellom England og Frankrike. I 1922 bestemte vinnerne av første verdenskrig gjennom Folkeforbundet at Palestina skulle være britisk «mandatområde». I 1947 fikk stormaktene USA og Sovjet trumfet igjennom et vedtak i FN som ga bort den kystnære og mest fruktbare halvparten av Englands mandatområde til sionistenes koloniseringsbevegelse. Et mindretall i hovedforsamlingen stemte riktignok for en felles stat i Palestina, basert på demokratiske prinsipper. Men befolkningen som bodde i Palestina ble ikke hørt verken i 1916, 1922 eller 1947.

Ingen av de palestinske lederne har i dag tilstrekkelig legitimitet blant palestinerne til å kunne forhandle på deres vegne. Mange har tvert imot gjort seg avhengige av USA eller regionale stormakter som Egypt, Syria og Iran, som forsøker å bruke Palestinasaken til sin egen fordel. Dersom noen av de palestinske lederne inngår avtaler, vil disse være midlertidige «stormaktsavtaler» tredd over hodet på det palestinske folket. Det blir ingen rettferdig løsning for palestinerne før de blir representert i forhandlingene gjennom en uavhengig palestinsk stemme med legitimitet i hele den palestinske befolkningen.



## STUDIESPØRSMÅL

1. Diskuter argumenta for og mot einstats- og tostatsløsning i denne artikkelen, og finn eventuelt andre argument. Kva argument synst du er gode/dårlige? Kva løsning ser du på som mest realistisk?
2. Var strategien med å frigjera Palestina bit for bit riktig?
3. Kva er kriteria for ein demokratisk stat? Kan ein sionistisk stat være demokratisk?
4. Kva rolle spelar lokale og globale stormakter i konflikten i dag?
5. Se på Norges politikk overfor palestinerne – når blir palestinerne rett til å velge sin egen vei respektert, og når blir den ikke respektert?

## SOLIDARITETSARBEIDET

# ANTISEMITTISME ELLER ANTI- SIONISME?

Israel sine erobringar av land vil saman med den dårlege behandlinga av palestinarar både under okkupasjon og i sjølve Israel, gjere det lettare for antisemittane å rekruttere. Særleg fordi Israel stadig i strid med sanninga gjer inntrykk av at dei representerer alle verdas jødar. Det automatiske svaret frå «vener» av Israel til kritikarar av Israel, er å skulde dei for å vere antisemittar. Dette er eit lettvent forsøk på å unngå å ta stilling til innhaldet i kritikken, ved å mistenkeliggjere kritikarane sine motiv.

Antisemittismen har djupe røter i norsk historie, frå jødeparagrafen til avvisinga av jødiske flyktningar både før og ikkje minst etter krigen. I tillegg kjem sviket mot dei mange norske jødane under krigen. Men kva har dette med Israel-kritikk å gjera? Staten Israel byggjer på ein moderne politisk ideologi, sionismen. Det er sionismen som rettferdiggjør koloniseringa og den etniske reinsinga av det historiske Palestina. Sionistane gjer krav på å representera alle jødane i verda, anten dei vil eller ikkje. Tankegodset bak opprettinga av Israel høyrer idéhistorisk heime i europeisk koloniseringstradisjon, og ikkje i jødisk tradisjon. Likevel høyrer og les vi i media om Israel som «den jødiske staten» og hæren deira som «dei jødiske soldatane». Det korrekte ville vera israelsk eller sionistisk, ikkje jødisk.

Fram til den andre verdskrigen var sionismen ei mindretalsrørsle blant jødane. Framleis er det fleire jødar utanfor Israel enn i landet. Den viktigaste sionist-lobbyen i Noreg finn vi ikkje blant dei få jødane her, men blant dei kristne. Koplinga mellom sioniststaten Israel og jødedomen er sakleg og moralsk feil. Mytane som held liv i antisemittismen her til lands, er ikkje lette å ta knekken på. Særleg når ikkje berre sionistane, men også politikarar, presse og kringkasting snakkar Israels statsminister Netanyahu kritikkløst etter munnen og kallar Israel «ein jødisk stat». Kvifor må NRK støtt intervju norske rabbinarar eller leiaren i Det mosaiske trussamfunnet om kva Israel gjer? Det er kunnskapsløst, men også omsynsløst mot alle jødar som er antisionistar og som seier om politikken til Israel: «Not in my name». Den dagen norske journalistar og politikarar klart skil mellom sionisme og jødedom, slepp vi kan henda at dei antisemittiske stereotypiane blomstrar opp straks kritikken av Israel aukar i styrke.

---

*- (Den negative) oppfatningen av Israel er en viktig faktor bak økningen i antisemittismen i Europa og resten av verden. Slik kan man si at sionismen i dag er jødernes virkelige fiende.*

*Avi Shlaim, israelsk professor i historie, bosatt i England (4.02.2005  
Electronic Intifada)*



Foto: Erik Skare



# SOLIDARITET - IKKE VELDEDIGHET

*Palestinakomiteen kaller seg en solidaritetsorganisasjon. Hva betyr det egentlig?*

## 1 Hva er solidaritet?

Første gang ordet solidaritet ble brukt i Norge, var visstnok under en streik på Akers Mek i 1884. Streiken gjaldt et lønnsnedslag på 10%. Arbeidere i andre bedrifter samlet inn penger for å støtte Aker-arbeiderne. Solidarisk hjelp til de streikende var hjelp til selvhjelp. Neste gang kunne lønnsnedslaget ramme dem. Solidaritet bygger på felles interesser. I dag er det deg som trenger støtte, i morgen meg. Vi driver internasjonalt solidaritetsarbeid fordi den globale kampen mot undertrykking og utbytting også er vår kamp. Solidaritetsarbeid er støtte til andres kamp. Vi støtter palestineres kamp mot okkupasjonen. Det handler ikke først og fremst om å gi mat og medisiner, men om at palestinerne selv skal bli i stand til å skaffe maten de trenger og løse helseproblemer sine. Da må først okkupasjonen ta slutt.

## 2 Palestinakomiteen må være uavhengig

Mange store hjelpeorganisasjoner er finansiert av departementsmidler og bidrar til den snille sida av norsk utenrikspolitikk. Palestinakomiteen er ingen hjelpeorganisasjon. Det har i alle år vært en hovedoppgave for Palestinakomiteen å kritisere den offisielle norske prozionistiske politikken i Palestina. Da må vi ikke ha økonomiske bindinger til norske myndigheter. Da må vi ikke være avhengige av om NORAD liker oss. De siste tiårene har det vært mulig å drive prosjekter i Palestina med store bidrag fra myndighetene mot en liten egenandel fra oss. Slike prosjekter må vi være forsiktige med. De binder både oss og mottakerne til norske myndigheters mening om hva som er «bra for palestinerne». Og det gir kanskje store penger til Palestina, men ville prosjektet vært prioritert hvis palestinerne selv bestemte i eget hus?

## 3 Pengehjelp et politisk våpen mot palestinerne

Det er ikke først og fremst penger som mangler i Palestina, men frihet – blant annet til å etablere sin egen nasjonale økonomi. «Giverlandgruppen» som Norge leder, dekker utgifter i Palestina som etter internasjonal lov skulle vært dekket av okkupantmakten Israel. Det ville vært bedre om «giverlandsgruppen» presset Israel til å oppgi okkupasjonen, enn at de sitter som overformyndere og betaler ut almisser til palestinerne under okkupasjon. Pengehjelp blir fort et politisk våpen mot palestinsk uavhengighet, akkurat som veldedigheten i Norge i gamle dager ble brukt til å disiplinere de fattige.

## 4 Pengehjelp kan undergrave palestinsk uavhengighet

Som norsk organisasjon kan vi blande oss i palestinsk politikk og planlegging fordi vi har penger, selv om vi ofte har mindre kompetanse enn palestinerne selv. Vestlige «giverland» stiller betingelser før de gir penger. Det er det motsatte av å støtte palestinsk selvstyre og uavhengighet. Utenlandske penger kjøper opp de beste lederne, de flinkeste hodene, de raskeste hendene ved å gi lønninger langt over det som er mulig i det palestinske samfunnet. Store penger stimulerer til korrupsjonskultur og undergraver samfunnsutviklingen. Tenk deg Norges statsbudsjett finansiert av tusen utenlandske NGO-er (Non-Governmental Organisations – private organisasjoner som Palestinakomiteen), med tusen forskjellige prosjektplaner?

## 5 Kontrollen over suppeøsa

Forskjellen på veldedighet og solidaritet kan kanskje best forklares som to måter å drive suppekjøkken på. Skal vi insistere på å beholde kontrollen over suppeøsa, eller er vi villige til å dele. Veldedighet består i å fordele mest mulig suppe, solidaritet består i å kjempe for alles rett til egen suppeøse. Palestinerne har rett til å kontrollere sin egen suppeøse, rett til å styre sin egen økonomi, rett til å velge sine egne ledere. Vi støtter dem i kampen for den retten. Det betyr først og fremst støtte til kampen mot okkupasjonen og til alt som kan tjene den kampen.



Demonstrasjon mot Gaza-krigen i 2009. Foto: Palestinakomiteen.no

# HVORFOR BOIKOTTE ISRAEL?

## 1 Hva er boikott?

Boikott har en ærerik historie, både som et våpen for de svake, og som et ikke-voldelig alternativ til hardere midler. Det var kaptein Charles Boycott's tyranniske framferd som grådig engelsk forpakter i Count Mayo, Irland, på 1880-tallet, som provoserte arbeiderne hans til å nekte å hjelpe ham eller familien hans med noe som helst. Underveis fikk denne formen for felles handling mannens navn. Men boikottens historie går lenger tilbake enn til Boycott.

Ikke alle boikott-aksjoner når sine mål, men listen over seire er formidabel. En berømt boikott var den britiske kolonistene på østkysten av Amerika gjennomførte da de nektet å kjøpe varene som var blitt skattlagt med Townshend-loven i 1767. På tre år førte nedgangen i salget til at skatten ble opphevet, bortsett fra for te, noe som førte til «Boston-massakren» i 1770 og etterhvert fram til kolonistenes uavhengighet av britene seks år seinere.


Gandhis saltmarsj i India i 1930-årene var en boikott av kommersielt produsert salt, i protest mot at saltet ble skattlagt. Buss-boikotten i Montgomery, USA, i 1955 gjorde slutt på raseskillet i bussene der i byen, og satte mye annet i bevegelse. Boikotten av Sør-Afrika, ikke minst idrettsboikotten, skapte et klima som undergravde oppslutningen om landets apartheidstyre.

Det vesentlige ved boikott som metode, er at de som er svake når de handler alene, i fellesskap beslutter å kombinere moralsk og praktisk styrke for å stanse en bestemt praksis. Sammen forplikter de seg til å la være å hjelpe den som utøver slik praksis. Det er viktig at de som boikotter også vil tape noe. Det er det som gir metoden en spesiell moralsk kvalitet.

Her er temaet presentert i abstrakte vendinger. Men det er ikke vanskelig å oversette det til å handle om Israels overgrep i de okkuperte områdene.

## 2 Boikott som taktikk

Stort sett trenger ikke de sterke boikott-våpenet. Boikott er en ikke-voldelig taktikk for dem som ikke har makt til å påtvinge andre sin løsning, eller til å få



Tegning: Latuff, [www.latuff2.deviantart.com](http://www.latuff2.deviantart.com)

adgang til meningsfulle forhandlinger. Det påvirker situasjonen på mer enn en måte:

- ved å nekte samhandling med gruppen som blir boikottet, blir den gruppen svekket, livskvaliteten deres blir dårligere, og de får vanskeligere for å fortsette de handlingene som boikotten tar sikte på å stanse
- gruppen som blir boikottet opplever kritikk fra omgivelsene, og opposisjonen i egne rekker blir oppmuntret
- de som lider under den praksisen som boikotten tar sikte på å stanse, blir oppmuntret ved å vite at andre reagerer på det som skjer med dem
- å delta i en boikott holder saken levende hver eneste dag, for hver enkelt som er med
- boikott-kampanjen er et samlingsted hvor likesinnede kan mobilisere stadig flere støttespillere for saken

Boikott er dermed en kombinasjon av symbolsk protest, konkret innblanding og politisk handling.

Det er ikke nødvendig å oppfordre til boikott hvis det finnes andre og mer normale kanaler for å løse konflikter og

uenighet. Mangelen på slike kanaler er bare altfor tydelig når det gjelder Israels okkupasjon av Palestina. Fredsprosessen har ligget brakk i mange år. Israel rettferdiggjør sin motvilje mot forhandlinger ved å avvise enhver kandidat som palestinerne samler seg bak. USAs veto forhindrer FNs sikkerhetsråd i reagere mot Israel, uansett hvor grovt Israel bryter med FNs resolusjoner.

I blant er det riktig å boikotte, i blant er det uklokt eller farlig. Og i blant er det bedre å bruke andre former for politisk kamp. En demonstrasjon, en protestmarsj, en streik, en sivil ulydighetshandling kan være løsningen, alt avhenger av den konkrete situasjonen og det aktuelle tidspunktet. Nelson Mandela i Barry Denenbergs biograf «No easy walk to freedom». Heine-mann, Oxford UK 1986.

Beslutningen om boikott må bygge på en politisk vurdering. Er det mulig å finne andre og mer effektive metoder til å påvirke situasjonen? Hva er styrke og svakheter til dem hvis praksis vi ønsker å endre med boikotten? Hvilke muligheter har vi for å samle støtte bak en boikott? Det ville være dumt å begi seg inn i det som utvilsomt kan bli en lang og til dels bitter strid, uten å vurdere om det i det hele tatt er mulig å vinne fram.



### 3 Sør-Afrika som eksempel

Vi kan bruke Sør-Afrika som eksempel på en sak der boikott spilte en viktig rolle. Sør-Afrikas apartheid-styre var overlegent mye sterkere enn motstanderne hjemme, eller i nabostatene. Men det fantes en motvilje internasjonalt, blant folk flest, mot dette systemet. Den kunne mobiliseres slik at andre stater og institusjoner ble presset til å trekke støtten sin til regimet i Pretoria og til Sør-Afrikas økonomi. Boikotten var spesifikt ønsket av African National Congress (ANC). Og til tross for at de virket arrogante, var det en grunnleggende usikkerhet blant Sør-Afrikas hvite om hvor levedyktige apartheid-staten var om de ble isolert internasjonalt. (Det er unødvendig å understreke parallellene med Israel.)

I tilfellet Sør-Afrika gjorde særtrekk ved de hvites kultur at idrettsboikotten var spesielt effektiv når det gjaldt å få dem til å

merke isolasjonen. I Israel er det faktum at de bidrar uforholdsmessig mye på mange forskningsområder, et moment som gjør at akademisk boikott kan være velegnet for å påvirke den interne diskusjonen i Israel til å handle mer om dialog og mindre om fortsatt undertrykking av palestinerne.

Boikott alene vil ikke føre til den politiske omleggingen som Israel trenger for å kvitte seg med hele arsenalet av metoder for undertrykking og kontroll av de okkuperte områdene. Men den er et viktig element i en mer omfattende kampanje for å åpne verdensopinionens øyne for realitetene i Israels politikk og praksis, og presse på for å forandre denne praksisen.

*[Boikotten] er et viktig element i en mer omfattende kampanje for å åpne verdensopinionens øyne for realitetene i Israels politikk og praksis, og presse på for å forandre denne praksisen.*

#### KILDER OG ANBEFALT LITTERATUR

- Hybertsen, Gunnar (2006): Vitne : ein norsk solidaritetsarbeidar blant palestinarane (Venke Aaretun). Samlaget.
- Lim, Audrea (2012): The case for sanctions against Israel. London: Verso.
- Skare, Erik (2012): Palestina: ei politisk reisehandbok. [Oslo]: Rødt!
- Tveit, Odd Karsten (1996): Alt for Israel : Oslo - Jerusalem 1948-78. [Oslo]: Cappelen.
- Viken, Tonje Merete, Tor-Henrik Andersen (2011): Palestinerne: frihetskampen fortsetter : solidaritet i praksis. Oslo: Norsk folkehjelp, Fagforbundet.
- Westerås, Lene E. og Jens Harald Eilertsen (2009): Med håpet som våpen. Tromsø: Margmedia.

## ? STUDIESPØRSMÅL

1. Hvorfor er det viktig for palestinavenner å understreke at vi er mot sionismen men ikke mot jøder? Er dette mer eller mindre viktig de siste årene?
2. Hva er de vanligste motforestillingene mot boikott av Israel? Har argumentene noe for seg?
3. Hvor går grensen mellom solidaritet og bistand/velde-dighet?
4. Fins det eksempler på at Palestinakomiteens arbeid er bistandsarbeid?

# STUDIEARBEIDET

Ei studiegruppe, òg kalla studiesirkel, er ein krets av medlemmar eller interesserte som kjem saman for å studere, og til kvart møte bør ha lest seg opp på eit tema. I ei studiegruppe vil ein bli motivert til å komme seg gjennom heftet på ein strukturert måte og, ikkje minst, vil ein dra nytte av felles kunnskap gjennom diskusjonen. Difor er det viktig å legge opp studiesirkelen med tanke på at alle skal dragast med i diskusjonane. Det bør ikkje vere meir enn 15 i ei aktiv studiegruppe. Seks til åtte er optimalt, og tre er minimum. Det krev lite forarbeid å arrangere ein studiesirkel. Forutan det praktiske, lokale og tidspunkt, må ein studieansvarleg ta ansvar for å organisere møta.

## Studieansvarleg

Ein må ikkje vere ekspert på området for å vere studieansvarleg. Det viktigaste den treng å gjere er å førebu og strukturere møta. Studieansvarleg kan velje om ho sjølv skal innleie om kvart tema, eller delegera til andre medlemmar i studiegruppa. Om kunnskapsnivået i gruppa er høgt, kan ein prøve det siste. Studieansvarleg må òg sørge for at alle spørsmåla blir gjennomgått og at ikkje diskusjonen sporar av.

Finst det nokon med særskilt kunnskap om eit av tema, i lokallaget eller i nærleiken? Det kan vere ein idé å invitere eksterne dei som innleiarar til enkelte av møta.

## Organisering

På det første møtet er det lurt å byrje med å diskutere sjølve studieopplegget, kartlegge kva som er kunnskapsnivået og motivasjonen blant medlemmane i studiegruppa.

### Forslag til opplegg i eit studiemøte:

- I Kort innleiing om temaet
- II Vis til aktuelle mediasaker som belyser temaet.
- III Vis til aktuelle bøker og anna materiell som supplerer studieheftet.
- IV Gjennomgang av spørsmåla i studieheftet - diskusjon.
- V Meir uformell diskusjon.

Dei som ønskjer å studere, lokallag eller uavhengige grupper, kan sjølv legge opp studiesirkelen etter kor mykje tilgjengelig tid folk har. Det er fullt mogleg å ha eitt møte til kvart av dei ni kapitla, eller gjennomgå heile heftet på eitt møte. Her foreslår vi ein møteserie på tre eller seks møte.

## Seks møte

1. Bakgrunnen for konflikten
  - Kapittel 1. Sionismen
  - Kapittel 2. Konflikten opphav
2. Flyktningane
  - Kapittel 3. De palestinske flyktningene
3. Okkupasjonen
  - Kapittel 4. Okkupasjonen
4. Dagens situasjon
  - Kapittel 5. Muren – ei grense for en grenseløs stat
  - Kapittel 6. Gaza – okkupasjon og blokade
5. Ein eller to statar?
  - Kapittel 7. Ein demokratisk stat
6. Vegen vidare
  - Kapittel 8. Den palestinske frigjøringskampen
  - Kapittel 9. Solidaritetsarbeidet?

## Tre møte

1. Bakgrunnen for konflikten
  - Kapittel 1. Sionismen
  - Kapittel 2. Konflikten opphav
  - Kapittel 3. De palestinske flyktningene
2. Dagens situasjon
  - Kapittel 4. Okkupasjonen
  - Kapittel 5. Muren – ei grense for en grenseløs stat
  - Kapittel 6. Gaza – okkupasjon og blokade
3. Vegen vidare
  - Kapittel 7. Ein demokratisk stat
  - Kapittel 8. Den palestinske frigjøringskampen
  - Kapittel 9. Solidaritetsarbeidet



# FORSLAG TIL MØTESERIE PÅ TRE ELLER SEKS MØTE

Tre møte		Kapittel		Seks møte
Møte 1 Bakgrunnen for konflikten	}	Kapittel 1. Sionismen	}	Møte 1 Bakgrunnen
		Kapittel 2. Konflikten opphav		
		Kapittel 3. De palestinske flyktingene	}	Møte 2 Flyktingane
Møte 2 Dagens situasjon	}	Kapittel 4. Okkupasjonen	}	Møte 3 Okkupasjonen
		Kapittel 5. Muren – ei grense for en grenseløs stat	}	Møte 4 Dagens situasjon
		Kapittel 6. Gaza – okkupasjon og blokade		
Møte 3 Vegen vidare	}	Kapittel 7. Ein demokratisk stat	}	Møte 5 Løysingar
		Kapittel 8. Den palestinske frigjøringskampen	}	Møte 6 Vegen vidare
		Kapittel 9. Solidaritetsarbeidet		

# NYTTIGE ADRESSER

## Palestinakomiteen i Norge

Postadresse: Postboks 9023 Grønland, N-0133 Oslo

Besøksadresse: Grønland 12

Org.nr. 984.688.172

E-post: sekretariat@palestinakomiteen.no

Tlf: 22 17 47 15

Mobil: 95 96 98 74

### Nettsider:

[www.palestinakomiteen.no](http://www.palestinakomiteen.no)

[www.boikottisrael.no](http://www.boikottisrael.no)

Facebook: <http://www.facebook.com/palestinakomiteen>

Twitter: <https://twitter.com/PalKom>

## Organisasjonssekretæren

Organisasjonssekretæren har faste kontordager – se

[www.palestinakomiteen.no](http://www.palestinakomiteen.no)

E-post: sekretariat@palestinakomiteen.no

Mobil 95 996 98 74

## Medlemsansvarlig

Palestinakomiteens medlemsansvarlig ajourfører medlemsregisteret, sender ut medlemsstatus til lokallagene og landsstyret, hjelper lokallagene med å få tilgang til det sentrale medlemssystemet, ordner avtalegiro mm, og bistår medlemmer og lokallagene i samarbeid med organisasjonssekretæren.

Kontakt medlem@palestinakomiteen.no

## Arbeidsutvalget, Landsstyret og ansvarlige for solidaritetsprosjektene i Palestina og Libanon

Se [www.palestinakomiteen.no](http://www.palestinakomiteen.no)

## Redaksjon for medlemsbladet «Fritt Palestina»

Stoff til bladet sendes til [medlemsblad@palestinakomiteen.no](mailto:medlemsblad@palestinakomiteen.no) eller Palestinakomiteen i Norge, Postboks 9023 Grønland, 0133 Oslo.

Medlemsbladet vil gjerne ha innlegg og beretninger om hva som skjer rundt i landet.

Fristene for stoff står på side 3 i bladet:

<http://palestinakomiteen.no/om-palestinakomiteen/medlemsbladet/>

## Debattliste

Listeansvarlig for «Palestinadebatt»:

Organisasjonssekretær: sekretariat@palestinakomiteen.no

## Faste utvalg

Palestinakomiteen i Norge har tre faste utvalg:

### Boikottutvalget

E-post:

[boikottisrael@palestinakomiteen.no](mailto:boikottisrael@palestinakomiteen.no)

[www.boikottisrael.no](http://www.boikottisrael.no)

### Faglig utvalg

E-post: [fagligutvalg@palestinakomiteen.no](mailto:fagligutvalg@palestinakomiteen.no)

[www.palestinakomiteen.no/faglig-arbeid/](http://www.palestinakomiteen.no/faglig-arbeid/)

### Kunstnerutvalget

E-post: [palkom.kunst@gmail.com](mailto:palkom.kunst@gmail.com)

Blogg: <http://palkom-kunst.blogspot.no/>

### Al Quds

Al Quds Palestinabutikk og reisebyrå har lokaler i Palestinahuset og Youngstorget (butikk) i Oslo

Nettbutikk: [www.palestinabutikken.no](http://www.palestinabutikken.no)

Tel: +47 22 11 00 26

Fax: +47 22 20 20 42

E-post: [post@alquds.no](mailto:post@alquds.no)

[www.alquds.no](http://www.alquds.no)

<http://www.facebook.com/pages/Al-Quds-Palestinabutikk-og-Reiser-AS/215518458487335>





## **BLI MEDLEM AV PALESTINAKOMITEEN**

[WWW.PALESTINAKOMITEEN.NO/MEDLEMSKAP](http://WWW.PALESTINAKOMITEEN.NO/MEDLEMSKAP)

**DU KAN FORNYE MEDLEMSKAPET DITT VED Å  
BETALE MEDLEMSKONTINGENTEN DIN TIL 0539 32 08831.**

Ordinært medlemskap kr 500 i året.

Skoleelever, studenter og pensjonister 250 kr i året.

Ungdom (fram til fylte 19 år) 100 kr i året.

Evt. frivillig kontingentsats over 500 kr.

**UTGITT AV PALESTINAKOMITEEN I NORGE**